

Stort sentrumsbygg til sals

07.10.2009



To bustadhus og ein kombinert bustad- og næringsseigedom i Uskedalen har i den seinare tid vore avertert til sals i avisene. Den siste er sentrumseigedommen Nausthaugen 2, det store bygget der det i mange år var ein assortert butikk (biletet)..

Det heiter i annonsen at bygget er svært innhaldsrikt og har eit stort potensiale. Bruttoareal er tett innpå 700 kvadratmeter og leilegheita i andre høgda utgjer 200 kvadratmeter. Det er balkong med utsikt mot fjorden, sentralvarmeanlegg og garasje i kjellaren.

Det skal vera visning laurdag og advokat Haldor Tveit er meklar.

Prisantydning er tre millionar kroner.

(Foto: Ola Matti Mathisen)